Fremmedspråks-didaktikk

Camilla Bjørke og Åsta Haukås (red.)

Fremmedspråks-didaktikk

3. utgave

CAPPELEN DAMM AKADEMISK

© CAPPELEN DAMM AS, Oslo, 2020

ISBN: 978-82-02-69005-2

1. utgave, 1. versjon

E-utgaven baserer seg på 3. trykte utgave, 2020
Elektronisk tilrettelegging: Bøk Oslo AS
Omslagsdesign: Marianne Zaitzow, Affair AS
Sats og ombrekking: Bøk Oslo AS

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med forlaget er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

www.cda.no
akademisk@cappelendamm.no

Innhold

Innleiing 13

Kapittel 1
Fremmedspråksdidaktikk før og nå 18
Camilla Bjørke og Åsta Haukås

Hva er fremmedspråksdidaktikk? 18
Fremmedspråksundervisningen i Norge i et historisk perspektiv 20
Påvirkning fra ulike syn på språk og språklæring 24
Fremmedspråksdidaktikk i dag: den postmetodiske tidsalderen 27
Fremmedspråkslærerens kompetanse 28
Oppsummering 30
Referanser 31

Kapittel 2
Nasjonale læreplaner, fagfornyelsen og internasjonale perspektiver 33
Heike Speitz

Forskrifter og innholdet i opplæringen 33
Fra elitefag til språkfag for alle – fremmedspråkene i skolen 35
Det felles europeiske rammeverket for språk 36
Den europeiske språkpermen (ELP/PEL) 40
Læreplanene i Kunnskapsløftet (LK20) 41
Språkfagene i skolen og tendenser i læreplanutvikling 43
Oppsummering 46
Referanser 47

Kapittel 3
Flerspråklighet og språkfagene i skolen 50
Åsta Haukås og Heike Speitz

Hva er flerspråklighet? 50
Flerspråklighet som en ressurs 52
Flerspråklighetsdidaktikk 54
Grunnprinsipper i flerspråklighetsdidaktikken 57
Bevisstgjøring av flerspråklighet med Den europeiske språkpermen 60
Et eksempel fra undervisningen 61
Framtidens språkundervisning 62
Oppsummering 63
Referanser 64

Kapittel 4
Metakognisjon og språklæringsstrategiar 68
Åsta Haukås

Kva er metakognisjon? 68
Språklæringsstrategiar 71
Undervisning i språklæringsstrategiar 73
Fremjing av metakognisjon med VØSL 77
Metakognisjon og framandspråkslæraren 78
Oppsummering 81
Referansar 82

Kapittel 5
Muntlige ferdigheter 84
Camilla Bjørke og Berit Grønn

Muntlige sjangre før og nå 84
Betydningen av muntlige ferdigheter 86
Talespråkets kjennetegn 88
De muntlige delferdighetene 89
Den reseptive delferdigheten lytting 92
Lytting i digitale omgivelser 93
Viktigheten av muntlig input og output 94
Spontan og forberedt muntlig produksjon 96
Trygghet i språklæringssituasjonen 99
Oppsummering 101
Referanser 102

Kapittel 6
Uttale i fremmedspråk 104
Emerentze Bergsland og Vibeke Grunnreis Kessner

Hvorfor skal man jobbe med uttale i undervisningen? 104
Hvilken uttalenorm skal man velge? 106
Systematisk og bevisst tilnærming til uttale i trygge rammer 107
Vurdering og korrigering av elevers uttale 109
Uttale i praksis 111
Lydskrift, vanlig skrift og uttale 112
Fonotaks og stavemåter 114
Assimilasjon og bortfall av lyder 114
Intonasjon 115
Oppsummering 119
Referanser 120

Kapittel 7
Skriving i fremmedspråk 121
Ragnhild Elisabeth Lund og Maria Casado Villanueva

Hvorfor skal fremmedspråkselever skrive? 121
Begrunnelser i lovverk og læreplaner 122
Ulike typer skriving 123
Fire bud for skriveopplæringen 125
Hvilke oppgaver kan elevene få? 126
Støtte i skriveprosessen 134
Elevene har skrevet en tekst – hva nå? 137
Oppsummering 138
Referanser 139

Kapittel 8
Lesing i fremmedspråk 141
Camilla Bjørke og Berit Grønn

Lesing som et sentralt element i all språklæring 141
Lesing på et fremmedspråk: avkoding og forståelse 142
Lesemodeller 145
Teksttilnærming i et sosialt samspill 147
Valg av lesetekster 149
Lesestrategier 151
Lesemåter 156

Oppsummering 159
Referanser 160

Kapittel 9
Vokabular og ordinnlæring 163
Camilla Bjørke

Hva er vokabular? 163
Vokabularets plass i språkundervisningen 165
Hva vil det si å kunne et ord? 166
Hvilke ord skal man lære (først)? 168
Transparente ord 170
Arveord 171
Hvordan lærer man ord? 173
Ordlæringsstrategier 174
Hvordan tilrettelegger man for ordlæring i undervisningen? 176
Oppsummering 181
Referanser 182

Kapittel 10
Grammatikkens rolle i fremmedspråksundervisningen 184
Eva Thue Vold

Hva er grammatikk? 184
Hvorfor skal elevene lære grammatikk? 186
Grammatikk som verktøy for kommunikasjon 188
Hvordan undervise grammatikk? 190
En tradisjonell tilnærming til grammatikkundervisning 191
Induktiv tilnærming 193
Input processing instruction 195
Produksjon og bruk av elevprodukter 198
Valg av materiale 200
Oppsummering 201
Referanser 202

Kapittel 11
Interkulturell læring i fremmedspråk 205
Magne Dypedahl

Hva er interkulturell kompetanse? 205
Språkfagene og interkulturell kompetanse 207

Kunnskapsressurser for å bli en interkulturelt kompetent lærer 210
Bruk av modeller for interkulturell kompetanse 211
Eksempler på bruk av den interkulturelle læringssløyfen 215
Kulturkunnskapens rolle 218
Vurdering av interkulturell kompetanse 220
Oppsummering 222
Referanser 223

Kapittel 12
Litteraturens rolle 227
Inger Olsbu

Fremmedspråksfagenes kreative dimensjon 227
Fra litteratur til *skjønn*litteratur 228
Fra nasjonal til postkolonial, og fra høyverdige tekster til barne- og ungdomslitteratur 229
Fra litterær tekst til «estetisk språkbruk» 230
Hvorfor litteratur? 231
Bruksområder for litteratur 233
Bruk av litterære tekster i kommunikativ språkundervisning og læring 234
Bruk av litteratur for å styrke leseferdigheten 237
Litteratur og interkulturell forståelse 240
Oppsummering 244
Referanser 245

Kapittel 13
Digitale ferdigheter 249
Eli-Marie Danbolt Drange

Grunnleggende ferdigheter i Kunnskapsløftet 249
Profesjonsfaglig digital kompetanse 251
Framtidens klasserom 252
Digitale ferdigheter i fremmedspråk 254
Bruke og forstå 254
Finne og behandle 256
Produsere og bearbeide 259
Kommunisere og samhandle 261
Utøve digital dømmekraft 262
Løse praktiske oppgaver på fremmedspråket 262
Oppsummering 266
Referanser 267

Kapittel 14
Vurdering i fremmedspråksopplæringen 268
Henrik Bøhn

Vurdering – et grunnleggendende aspekt ved pedagogisk arbeid 268
Individrelatert vurdering 269
Normrelatert vurdering 269
Målrelatert (kriteriebasert) vurdering 270
Sluttvurdering 271
Underveisvurdering 276
Egenvurdering som en viktig del av underveisvurderingen 281
Oppsummering 283
Referanser 284

Kapittel 15
Tilpasset opplæring i fremmedspråk 287
Eva Thue Vold

Hva er tilpasset opplæring? 287
Likeverdig utdanning 289
«Den hellige treenighet» 291
Tilpasset opplæring i fremmedspråk 293
Arbeid med kommunikative ferdigheter ved hjelp av åpne oppgaver 296
Tilpasset opplæring når det gjelder kunnskap om språk 300
Oppsummering 301
Referanser 302

Kapittel 16
Læremidler i fremmedspråksfaget 304
Xavier Llovet Vilà

Hva er et læremiddel? 304
Klassifisering av læremidler 306
Læremiddelets rolle i fremmedspråksundervisningen 308
Valg av læremidler 309
Prosedyrer for analyse av læremidler 309
Kriterier for analyse av læremidler 310
Oppsummering 320
Referanser 321

Kapittel 17
Individuelle forskjellar: motivasjon, alder og språktalent 324
Åsta Haukås

Individuelle forskjellar og språklæring 324
Motivasjon 325
Motivasjonsforskinga til Dörnyei 327
Motivasjon for å lære andre språk enn engelsk 329
Motivasjon for framandspråk og kjønn 330
Alder 331
Språktalent 334
Oppsummering 338
Referansar 339

Kapittel 18
Den lærende og reflekterende språklæreren 342
Lise Vikan Sandvik

Analyse og refleksjon som utgangspunkt for utvikling 342
Utvikling av ny vurderingskultur 345
Elevens behov som utgangspunkt for utvikling 348
Den lærende og reflekterende språklæreren i et tolkningsfellesskap 351
Oppsummering 354
Referanser 355

Kapittel 19
Lærerens forestillinger om språkundervisningen 357
Åsta Haukås

Hva menes med «lærerens forestillinger»? 357
Lærerstudentenes (standhaftige) forestillinger om språkundervisningen ... 360
Hva fremmedspråkslærere mener, og hva fremmedspråkslærere gjør 362
Bevisstgjøring av egne forestillinger 365
PPU-studenten Annas utforskning av egne forestillinger 367
Nye utfordringer skaper nye forestillinger 369
Oppsummering 371
Referanser 372

Bidragsyternes institusjonstilknytning 375

Stikkordregister 376

Innleiing

Denne tredje utgåva av *Fremmedspråksdidaktikk* er ein revidert versjon av boka med same tittel frå 2018, men er no tilpassa fagfornyinga i læreplanverket Kunnskapsløftet frå 2020 (LK20). Boka kan endåtil skilte med eit heilt nytt kapittel som handlar om læremiddel i framandspråk og korleis ein skal vurdere dei for bruk i undervisninga.

Boka *Fremmedspråksdidaktikk* kom ut første gong våren 2014 og var den første og einaste innføringsboka for noverande og framtidige lærarar i både engelsk og framandspråk i norsk skule. Boka vart raskt pensum på mange studium i heile landet og fekk positive meldingar i fagtidsskrift. Mange lærarstudentar og lærarutdannarar gav tilbakemeldingar på at boka presenterte relevante innføringar i aktuelle tema, og at ho også la grunnlag for viktige refleksjonar rundt framandspråksundervisninga sitt innhald og sine tilnærmingar.

Fordi boka vart godt motteken i 2014, vart det tidleg klart at dette kunne bli eit standardverk med jamlege oppdateringar. I den reviderte versjonen av *Fremmedspråksdidaktikk* i 2018 var endringane ganske omfattande fordi ein ønskte å dekke fleire sentrale tema enn tidligare. Dermed fekk boka ti nye kapittel som omhandla tema som læreplan og styringsdokument, fleirspråklegheit, metakognisjon og læringsstrategiar, tilpassa undervisning, individuelle elevforskjellar knytte til motivasjon, alder og språktalent, litteraturen si rolle i framandspråksundervisninga og, ikkje minst, utvikling av digitale ferdigheiter i framandspråk. Eit anna argument for omfattande endringar i 2018 var ønsket om eit større fokus på faget *framandspråk* fordi førsteutgåva også inkluderte faget engelsk. Ei felles didaktikkbok for engelsk og framandspråk frå 2014 vart dermed til to ulike didaktikkbøker i engelsk og framandspråk i 2018: Cappelen Damm Akademisk publiserte boka *Teaching and Learning English* samtidig med revidert versjon av *Fremmedspråksdidaktikk* i 2018. Eit tett samarbeid mellom redaktørane gjorde at desse bøkene stod fram som «tvillingbøker» med nokolunde lik struktur og

samanfallande temaområde. Også *Teaching and Learning English* har gjennomgått ein revisjon i samband med fagfornyinga i Kunnskapsløftet 2020.

Læring av engelsk og framandspråk har svært mykje til felles, men med denne todelinga ville vi løfte fram det særeigne med det å lære eit framandspråk i ein norsk kontekst. I *Fremmedspråksdidaktikk* er difor dei fleste eksempla knytte til å undervise dei mest vanlege framandspråka i skulen: fransk, spansk og tysk. Sjølv om mange berre skal undervise innan eitt språkfag eller kan hende i eit anna språk enn desse tre, kan dei mange ulike eksempla på ulike språk fint overførast til det aktuelle språkfaget. Å kunne sjå parallellar mellom språka og oppdage at lærarar i framandspråk har mange felles utfordringar, kan bidra til auka samarbeid mellom språklærarar i skulen, noko som er viktig og nødvendig for ei best mogleg opplæring i faget. På den måten vil også elevane sjå samanhengar mellom det å lære seg ulike språk og lære seg å dra nytte av tidlegare språklæringserfaringar. Dette er også ein sentral del av kjerneelementet *Språklæring og fleirspråklegheit* i fagfornyinga. I staden for nemninga *hovudområde* frå læreplanverket Kunnskapsløftet 2006 (LK06), har fagfornyinga (LK20) innført nemninga *kjerneelement*. Kjerneelementa til eit fag er det elevane må lære for å kunne meistre og bruke faget. Dei inneheld sentrale omgrep, metodar, kunnskapsområde og uttrykksformer og skal bidra til at elevane over tid utviklar forståing for innhald og sentrale samanhengar i faget. Faget *Framandspråk* har fått fire kjerneelement som gjensidig utfyller kvarandre: *Kommunikasjon*, *Interkulturell kompetanse*, *Språklæring og fleirspråklegheit* og *Språk og teknologi*.

I denne tredje utgåva av *Fremmedspråksdidaktikk* har alle kapitla lik struktur. Kapitla startar med ein kort presentasjon av innhaldet, og til slutt følgjer ei oppsummering og refleksjonsspørsmål til lesaren. Refleksjonsspørsmåla er knytte til kapittelinnhaldet, men utfordrar samtidig lesaren til å reflektere over eigne erfaringar og korleis ein kan arbeide med ulike problemstillingar i undervisninga. På den måten blir koplinga mellom teori og eigen undervisningspraksis tydeleg. Boka er delt inn i sentrale tema innan feltet framandspråksdidaktikk. Der det er relevant, er tema og ferdigheiter relaterte til praktiske eksempel. Det er likevel viktig å påpeike at det å lære eit nytt språk involverer ein heilskapleg prosess. Sjølv om ein vektlegg éi ferdigheit i eitt kapittel, vil også andre ferdigheiter vere involverte. Dersom ein for eksempel les ein skjønnlitterær tekst på eit framandspråk, har dette

stor nytteverdi for trening av leseferdigheitene, utviding av ordtilfanget og styrking av den interkulturelle kompetansen, i tillegg til at litteratur generelt er ei kjelde til personleg utvikling. I det følgjande presenterer vi innhaldet i dei 19 kapitla i boka.

Kapittel 1, skrive av redaktørane Camilla Bjørke og Åsta Haukås, definerer omgrepet *framandspråksdidaktikk* og tar for seg utviklinga av framandspråksdidaktikken som fag. Forfattarane presenterer ulike tilnærmingar til framandspråksundervisninga i eit historisk perspektiv og drøftar kva for tilnærmingar som dominerer i dag. Heike Speitz gir i kapittel 2 ei oversikt over kva for dokument språklærarar må ha eit aktivt og bevisst forhold til. *Læreplan i fremmedspråk* er det mest sentrale styringsdokumentet, då det uttrykkjer kva elevane skal ha lært i løpet av opplæringa. I tillegg finst det internasjonalt utvikla dokument lærarar bør kjenne til. I kapittel 3 er temaet fleirspråklegheit. Der legg Åsta Haukås og Heike Speitz vekt på at alle elevar i framandspråk er fleirspråklege, og dei viser korleis vi kan bruke dette som ein ressurs i språkundervisninga. I det nye kjerneelementet *Språklæring og fleirspråklegheit* står det også eksplisitt at elevane i faget er fleirspråklege og at dei skal lære å utnytte fleirspråklegheita si som ein ressurs i læring av framandspråk, både i skuleløpet og vidare i eit livslangt læringsperspektiv. Elevane skal altså utvikle ei bevisstheit omkring kva for erfaringar og kunnskapar dei allereie har, og korleis dei skal nytte desse ressursane strategisk i vidare språklæring.

I kapittel 4 tar Åsta Haukås opp kor viktig det er med metakognisjon i språklæringsprosessane, og viser korleis språklæringsstrategiar kan bidra til meir og betre språklæring. Med læreplanane i Kunnskapsløftet (LK06 og LK20) ønskte ikkje berre norske utdanningsmyndigheiter å heve prestasjonsnivået i skulen ved å fokusere målretta på fagleg innhald; dei ønskte seg også ei auka bevisstheit rundt sjølve læringsprosessen, eller *metakognisjon*. Dette metaperspektivet er uttrykt under kjerneelementet *Språklæring og fleirspråklegheit*, og er dermed ein viktig og integrert del av språkundervisninga.

I fagfornyinga blir kommunikasjon framheva som det viktigaste i faget; å kunne forstå og bli forstått. Dei kommunikative ferdigheitene snakke, skrive, lese og lytte blir ofte nytta samtidig i ulike kommunikasjonssituasjonar, men i denne boka er dei presenterte i eigne kapittel. I kapittel 5 skriv Camilla Bjørke og Berit Grønn om dei munnlege ferdigheitene *for-*

beredt produksjon, *spontan interaksjon* og *lytting*, og gir mange eksempel på korleis ein kan jobbe med desse i klasserommet. Uttale er ein sentral del av dei munnlege ferdigheitene og er difor vigd eit eige kapittel, kapittel 6. I dette kapittelet tek Emerentze Bergsland og Vibeke Grunnreis Kessner føre seg korleis ein kan jobbe med lydlære og setningsmelodi for å auke den språklege kompetansen. Dei kjem òg inn på i kva for grad ein som lærar og elev skal halde seg til spesifikke språkideal. Kapittelet fokuserer dessutan på samanlikning av norsk, målspråket og andre språk som eit ledd i auka bevisstheit om likskapar og ulikskapar, noko som kan fremje språklæringa. Deretter følgjer kapittel 7 om skriving av Ragnhild Elisabeth Lund og Maria Casado Villanueva og kapittel 8 om lesing av Camilla Bjørke og Berit Grønn. Gjennom mange eksempel viser kapitla korleis lærarar kan leggje til rette for å utvikle desse ferdigheitene i framandspråksfaget.

I kapittel 9 set Camilla Bjørke søkjelyset på vokabular og ordinnlæring og viser kor viktig det er at ein kan nytte allereie innlærte kunnskapar om språk og språklæring i møte med eit nytt språk. I kapittel 10 gir Eva Thue Vold lesarane ei innføring i aktuelle og forskingsbaserte prinsipp for grammatikkundervisninga. Ho gir blant anna eksempel på metodar og oppgåvetypar som kan fremje læringa.

Dei to neste kapitla er i større grad knytte til kjerneelementet *Interkulturell kompetanse* i læreplanen for framandspråk. Magne Dypedahl forklarar i kapittel 11 kvifor ein skal inkludere interkulturell kompetanse i undervisninga og viser korleis ein kan integrere interkulturell læring i andre aktivitetar. Eitt av måla her er å bli meir bevisst tankesetta hos seg sjølv og andre, noko som òg er tema i kapittel 12, som omhandlar litteratur. Inger Olsbu gir ei historisk innføring i litteraturen si rolle i framandspråksundervisninga og skriv om korleis litteratur kan vere ei unik kjelde til både auka kulturbevisstheit og betre språkkompetanse.

I kapittel 13 tar Eli-Marie Danbolt Drange føre seg utvikling av dei digitale ferdigheitene til elevane. *Språk og teknologi* er eit eige kjerneelement i fagfornyinga der utforsking og utnytting av fagleg relevant språkteknologi og digitale medium blir vektlagt. Ei kritisk og reflektert tilnærming til digitale medium og bruk av digitale verktøy har stort potensiale til å kunne fremje språklæring, men også leggje til rette for å møte autentisk bruk av språket og for å komme i kontakt med brukarar av målspråket.

Kapittel 14 om vurdering og kapittel 15 om tilpassa opplæring kan lesast i samanheng. I kapittel 14 gir Henrik Bøhn først ei generell innføring i vurdering i språkfaga, før han går nærare inn på formativ vurdering som eit læringsfremjande verktøy i undervisninga. I kapittel 15 tar også Eva Thue Vold utgangspunkt i at vurdering for læring er ein føresetnad for å kunne nivåtilpasse undervisninga der lærar og elev i lag kan finne ut kva eleven meistrar, kva eleven bør jobbe med vidare, og korleis.

Det neste kapittelet, kapittel 16 av Xavier Llovet Vilà, er eit heilt nyskrive kapittel og handlar om læremiddel i framandspråksfaget. Dette kapittelet er eit viktig tilskot til denne boka fordi læremidla, spesielt læreboka, er eit sentralt element i mange språkklasserom. Språkundervisninga blir ofte strukturert etter progresjon og tema i læreboka, noko som gjer at framtidige og noverande lærarar bør utvikle eit bevisst og reflektert forhold til korleis dei skal velje læremiddel til bruk i språkundervisninga.

I kapittel 17 tar Åsta Haukås føre seg individuelle ulikskaper som kan ha stor innverknad når ein lærer språk. Ho går spesielt inn på dei mykje omtala faktorane motivasjon, alder og språktalent.

Å arbeide som framandspråkslærar er på mange måtar ein livslang læringsprosess. Når framandspråkslærarar er ferdig utdanna, er dei med andre ord langt frå ferdig utlærte. Dei to siste kapitla i boka viser korleis lærarar kan forske og reflektere rundt eiga rolle som språklærar. Kapittel 18 av Lise Vikan Sandvik omhandlar korleis læraren kan forske på eigen praksis for å analysere og eventuelt endre undervisningspraksis. Gjennom refleksjonane til ein tysklærar rundt eiga skriveundervisning er målet å vise korleis ein kan heve læringsutbyttet hos elevane gjennom å utvikle seg sjølv som lærar. I det siste kapittelet, kapittel 19, skriv Åsta Haukås om korleis lærarar kan bli meir bevisste eigne lærarførestillingar og vere opne for ny kunnskap gjennom å utfordre seg sjølv på ulike måtar.

Alle kapitla gir til saman ei god oversikt over tema som er heilt sentrale å ha kjennskap til for framtidige og noverande framandspråkslærarar. Vi håpar dermed at innhaldet kan gi eit godt grunnlag for refleksjonar og diskusjonar om framandspråksundervisning og vidareutvikling av fag og praksis i norsk skule, både blant lærarstudentar, praktiserande lærarar og lærarutdannarar.

Camilla Bjørke og Åsta Haukås

KAPITTEL 1

Fremmedspråks-didaktikk før og nå

Camilla Bjørke og Åsta Haukås

Som fremmedspråkslærer er det tre spørsmål man daglig må stille seg: *Hva* skal læres, *hvorfor* skal det læres, og *hvordan* skal det læres? I dette kapittelet gir redaktørene av boka en innføring i hva fremmedspråksdidaktikk er, og hvordan fremmedspråksdidaktikken har utviklet seg over tid. Ikke minst ser de på hvilke tilnærminger som dominerer i fagfeltet i dag. I siste del av kapitlet kommer de nærmere inn på hva som skal til for å besvare de tre grunnleggende spørsmålene ovenfor. Her står en fremmedspråkslærers kompetanse helt sentralt.

Hva er fremmedspråksdidaktikk?

Ordet *fremmedspråksdidaktikk* er satt sammen av leddene *fremmedspråk* og *didaktikk*. Den første delen av ordet, *fremmedspråk*, virker umiddelbart forståelig nok. Det er et gjengs norsk ord som ikke er begrenset til akademisk bruk. Å lære fremmedspråk vil i denne sammenhengen si å lære et språk utenfor områdene språket normalt brukes i, mens å lære et andrespråk vanligvis brukes for å beskrive språklæringsprosessen i *målspråksområdet*. Dermed lærer en tyskelev i Norge tysk som fremmedspråk. En innvandret elev fra Polen lærer også tysk som fremmedspråk og samtidig norsk som andrespråk. Betegnelsen *fremmedspråk* kan likevel by på misforståelser i

undervisningssammenheng. Mens man tidligere opererte med begrepene *første* og *andre fremmedspråk* i læreplanene etter hvilken rekkefølge elevene fikk lære dem i, ble begrepet innsnevret til kun å betegne alle andre fremmedspråk enn engelsk i *Læreplan i fremmedspråk* i Kunnskapsløftet (LK06). Denne inndelingen er videreført i fagfornyelsen (LK20). At engelsk har egen læreplan og dermed formelt sett ikke hører inn under fremmedspråk, er omdiskutert, da det gir signaler om at engelsk er så utbredt i Norge at det nærmest er å regne som et slags andrespråk (se kapittel 2). I denne boka handler det imidlertid først og fremst om de språkene som kategoriseres som fremmedspråk i LK20 (Utdanningsdirektoratet, 2019).

Den andre delen av ordet, *didaktikk*, kan være litt mer komplisert å forklare. Det er et fremmedord som nesten bare brukes i akademisk sammenheng, og da spesielt innenfor pedagogiske fag og andre lærerutdanningsfag. *Didaktikk* kommer fra gresk *didaskein*, som betyr å undervise, og handler om sammenhengen mellom undervisningens begrunnelse, innhold og gjennomføring. Mer konkret dreier det seg om planlegging, gjennomføring, evaluering og videreutvikling av undervisning. Didaktikk oppsummeres tradisjonelt med tre grunnspørsmål: undervisningens *hva*, *hvorfor* og *hvordan*. *Hva* viser til hvilket innhold faget skal ha, og hvilke læringsressurser det er hensiktsmessig å jobbe med for å nå læreplanmålene i faget. *Hvorfor* kan begrunnes med utgangspunkt i forskning og teorier om språk, språklæring og språkundervisning. I tillegg bør *hvorfor* forklares med henvisning til målene i læreplanen, som bestemmer hva læreprosessene skal styres mot. Til sist kan spørreordet *hvordan* besvares med valg av hensiktsmessige undervisningsmetoder og arbeidsmåter som skal hjelpe elevene å nå læringsmålene. Her er det selvfølgelig svært mange valg som må tas. Elever skal for eksempel være bevisste hvordan de lærer og utvikler seg. *Hvem* kan derfor være et nyttig tilleggsspørreord for å involvere både elever og andre i læringsarbeidet. På grunn av mange digitale muligheter finnes det i tillegg uendelig mange andre læringsarenaer enn det tradisjonelle klasserommet. Et annet tilleggsspørreord kan derfor være *hvor*.

Fremmedspråksdidaktikk er altså læren om undervisning i fremmedspråk. Sentrale temaer i faget, og dermed i denne boka, er språktilegnelse med vekt på de kommunikative ferdighetene skriving, lesing, lytting, forberedt snakking og spontan interaksjon, grammatikkundervisning,

vurdering, interkulturell kompetanse, bruk av IKT, vurdering av læremidler og ikke minst læringsstrategier og metakognisjon. I den senere tid har også flerspråklighet fått mer oppmerksomhet innen fagområdet. Dette kan relateres til en økt innsikt om at elevers samlede språkkompetanse er en ressurs i språklæringen, og til en voksende andel kulturelt og språklig blandede skoleklasser som følge av økt mobilitet og globalisering. Alle disse viktige temaene finner vi også igjen i læreplanen for fremmedspråk (Utdanningsdirektoratet, 2019), blant annet uttrykt i de fire kjerneelementene i faget: *Kommunikasjon*, *Interkulturell kompetanse*, *Språklæring og flerspråklighet* og *Språk og teknologi*.

Fremmedspråksundervisningen i Norge i et historisk perspektiv

Læreplanene er ikke skrevet for evigheten, men baserer seg på rådende læringssyn og på hva slags språkkompetanse som vektlegges i samtiden. Spørsmålene rundt undervisningens *hva, hvorfor og hvordan* har dermed hatt ulike svar til ulike tider. Også hvilke språk som anses som viktige, endrer seg. For eksempel fokuserte man for 200 år siden i liten grad på samtidens talte språk, men heller på de døde språkene latin og gammelgresk. Når det gjelder hvordan og hvorfor disse språkene skulle læres, var det i stor grad pugging av bøyningsmønstre og gloser som gjaldt, noe som skulle ha en generelt dannende funksjon. Det var heller aldri meningen å kunne føre en samtale på disse språkene. Derimot var det viktig å kunne lese disse språkene for å kunne studere på universitetene. Siden de færreste fikk oppleve å ta en universitetsgrad, ble fremmedspråkslæring i stor grad assosiert med en akademisk elite.

På mange måter var det samme språklæringsidealet fortsatt gjeldende da man etter hvert gikk over til å lære moderne språk som tysk og fransk. I Norge ble moderne fremmedspråk innført i 1869, da klassisk og realvitenskapelig utdanning ble likestilt. Høyere allmennskoler åpnet dermed for at man kunne lære moderne fremmedspråk, men det var først på slutten av 1890-tallet at moderne fremmedspråk som engelsk, tysk og fransk for alvor kom inn i skolen og erstattet de klassiske språkene gresk og latin. Til tross for at de moderne språkene, i motsetning til de klassiske, ble snak-